



Weglo Design, Plan & Landskap

Dato: 27.01.2014  
Dykkar ref.:  
Vår ref.: 2014/10628-1

## **Fråsegn til oppstartmelding for reguleringsplan for Bruvoll, gnr. 55, bnr. 1,2 m.fl – Lindås kommune**

Vi viser til brev datert 11. desember 2013 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Bruvoll. Hovudføremålet med reguleringa er bustad. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til byggeområde og LNF-område.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### **Vurdering og innspel**

I det vidare arbeidet vil vi leggje særleg vekt på:

- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Landskap
- Kulturminne
- Samferdsel
- Universell utforming

#### Meir om landskap, friluftsliv og folkehelse:

Planområdet grenser til det regionale friluftsområdet Bruvoll-Storavatnet-Tveitavatnet, som er registrert som «svært viktig». Planlegginga må ta omsyn til landskapsverknadene av nye byggjetiltak og infrastruktur, og leggje vekt på terrengtilpassing. Det er viktig at planlegginga sikrar grønstruktur, samt ålmenn ferdsel og tilgjenge.

#### Meir om kulturminne:

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Seksjon for kulturminne og museum vil gjere merksam på pkt. 2 i dei regionale retningslinene i fylkesdelplan for kulturminne der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Planar som ikkje har tilfredsstillande dokumentasjon om kulturminne kan returnerast for utfyllande dokumentasjon. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdien vurdert og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Her er det viktig å få fram ikkje berre fornminne og bygningar/

bygningstiljø, men òg steingardar, gamle ferdslåsar, utmarksminne, tekniske kulturminne, kulturlandskap, m.m.

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjend automatisk freda eller andre verneverdige kulturminne innafor planområdet. Sjøraust for planområdet er det kjend ei bygdeborg som er automatisk freda. Sjølve planområdet er ikkje vurdert til å ha stort potensial for funn av ukjende kulturminne, så difor har vi på noverande stadium i planprosessen ingen vidare merknad i høve kulturminne.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

#### **Oppsummering**

Hordland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, arkitektur og estetikk, barn og unge sin interesser, friluftsliv, folkehelse, kulturminne, landskap, samferdsel og universell utforming.

Marit Rødseth  
plansjef

Anne-Kathrine Vabø  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Sakshandsamarar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Øystein Skår, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Nils Egil Grude, Samferdselsavdelinga, Transportplanseksjonen

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga

Statens Vegvesen, Region Vest

Lindås kommune